

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
097/22	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Trine Merete Jansen	FE-613, FA-F30	22/1254

Busetting av flyktningar 2023

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune imøtekjem IMDi si oppmoding om å busette til saman 20 flyktningar i 2023.

Kommunestyret - 097/22 - 15.12.2022

KS - behandling:

Kommunalsjef Trine Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Er realistisk å klara å busetja 20 flyktningar i 2023.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Austrheim kommune imøtekjem IMDi si oppmoding om å busette til saman 20 flyktningar i 2023.

Saksopplysninger:

Bakgrunn:

Dei store inkomstane av flyktningar frå Ukraina sidan mars gjer 2022 til eit ekstraordinært år. Som følgje av situasjonen i Ukraina ba IMDi alle kommunar om å ta imot til saman 35000 flyktningar i 2022. Det har aldri før kome så mange flyktningar til Noreg, og behovet for busetting har aldri vore større. I tillegg har busettinga vore raskare i år enn på lang tid. Austrheim kommune har gjort ein svært viktig innsats i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar og funne gode løysingar i ei

krevjande tid. Tilgang på eigna bustad har vore særleg krevjande.

Situasjonen knytt til behovet for busetting er prega av stor uvisse. Det er uklart kor lenge krigen i Ukraina vil vare og kor mange som vil kome til Noreg, på kort og på lengre sikt. Samstundes er det venta at inkomstane vil vere store også i tida framover. På bakgrunn av dette oppmodar IMDi kommunane om å busette til saman 35000 flyktningar i 2023. IMDi oppmodar Austrheim kommune i brev datert 25.11.22, om å busette til saman 20 flyktningar i 2023.

Plassar som ikkje vart nytta i 2022 overførast ikkje til 2023. Personar som er søkt ut til kommunen i 2022, men som først vert registrert som busett etter årsskiftet, vil telje på kommunens vedtak for 2023. For Austrheim vil dette gjelde 6 personar, som vert registrert busett andre veka i januar 2023.

Konklusjon:

Austrheim kommune imøtekjem IMDi si oppmoding om å busette til saman 20 flyktningar i 2023